



Overgangen Linda Øen til Anita Lykkja som kulturkonsulent er no iverksett. F.v: Linda Øen og Anita Lykkja.

Ny kulturkonsulent etter Linda Øen er Anita Lykkja. Lykkja kjem frå Valdres, men har i mange år vore kulturkonsulent i ein av dei mange kommunane på Helgelandskysten. Ho tok til i stillinga på nyåret og brukar dei fyrste vekene på å gjera seg kjend i Kvinnherad. Linda Øen, som no er tilsett som direktør på Sunnhordland Museum, var med på synfaringa i Uskedalen, dette for å letta overgangen og innføringa i mange saker for Anita Lykkja.

Anita Lykkja skal jobba med allmenn kultur og kulturminnevern. Mange av tilskotsordningar høyrer til hennar ansvar. Idrett, friluftsliv og det meste av spelemiddelordninga er skild ut og sorterer under den nye idrettskonsulenten.

Synfaringa i Uskedalen omfatta tre kommunale samlingar,- Bygdetunet Rød, Bøkkerverkstaden og Haugland skulemuseum. Bygdetunet Rød frå tidleg 1980 talet treng vedlikehald og oppgradering. Ver, vind og mykje vatn gjer at det er stor slitasje på husa. Det må koma nytt slåk til kverna. Bygdetunet Rød har ikkje innlagd vatn, heller ikkje toalett.

Bøkkerverkstaden er på mange måtar eit enkelt objekt. Leigeavtalen på 25 år med eigaren, Hallvard Rød, er ute om eit år. Etter det kan kommunen inngå ny avtale om museumsdrift, eller ein kan avslutta samarbeidet. Bøkkerverkstaden med alt inventar er likevel ei verneverdig samling som ein ikkje utan vidare kan gjera med som ein vil.



Haugland skulemuseum er ei av tre kommunale samlingar i Uskedalen. Bilete er frå filmminnspleinga med 7. klasse og Merete Offerdal Tveit.

Haugland gamle skule er skulemuseet i Kvinnherad. Samlinga er komplett og godt eigna for omvisning og aktivitetar. Det manglar vatn og toalett, noko ein delvis har løyst i samarbeid med drifta av Vonheim. For å sikra godt vatn til Vonheim vert det vurderte i løysing med kjerneboring etter grunnvatn. Eit positivt resultat vil vera til stor hjelp og nytte for drifta av skulemuseet.

Eit anna spørsmål vil vera driftsforma for alle tre samlingane. Ei vanleg ordning i dag er venelag og stiftingar. Det er den løysinga som er brukt i mange bygder, som til dømes med Valenstiftinga, Venelaget for Gurine og for Vangssago.

Museumssamlingar og andre kulturminneprosjekt må vera lokalt forankra. Tronge økonomiske rammer og mangel på fagkompetanse set grenser for kva kommunen kan engasjera seg i.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



[Leigeavtalen på 25 år om museumsdrift på Bøkkerverkstaden er ute om eit år. Avtalen kan reforhandlast om partane ynskjer det.](#)